



PROTOKOLL

- møte i Verdsarvrådet (VAR) for Vestnorsk fjordlandskap

Stad:	Petrines Gjestgiveri, Norddal	Dato:	1. oktober 2014
Tlf:	70 26 38 10 / 95 42 73 90	Møtetid:	Start 09:00 – 15:00

Funksjon:	Namn:	Repr:	Møtt:
Leiar:	Jan Ove Tryggestad	Ordførar Stranda kommune	Ja
Nestleiar:	Hans Erik Ringkjøb	Ordførar Voss kommune	Ja
Medlem:	Noralv Distad / Erling Monrad Nesbø	Ordførar Aurland kommune	Nei/Ja
Medlem:	Marta Finden Halset	Ordførar Vik kommune	Ja
Medlem:	Jan Geir Solheim	Ordførar Lærdal kommune	Ja
Medlem:	Bjørn Inge Ruset / Per Magnus Berdal	Ordførar Norddal kommune	Nei/Ja
Medlem:	Jon Aasen / Willy J. Loftheim	Møre og Romsdal fylkeskommune	Nei/Ja
Medlem:	Jenny Følling /	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Nei
Medlem:	Mona Hellesnes	Hordaland fylkeskommune	Nei
Medlem:	Lodve Solholm / Linda Aaram	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Nei/Ja
Medlem:	Anne Karin Hamre / Tom Dybwad	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Nei/Ja
Medlem:	Lars Sponheim / Kjell Kvingedal	Fylkesmannen i Hordaland	Nei/Ja
Medlem:	Olav Nord-Varhaug / Gaute Sønstebø	Miljødirektoratet	Nei/Nei
Medlem:	Trond Taugbøl	Riksantikvaren	Nei
Medlem:		Miljøverndepartementet	Nei
Bisitjarar:	Magnhild Aspevik	Lærdal kommune	Ja
	Odd Rune Turvoll	Vik kommune	Ja
	Gunnar Bergo	Voss kommune	Ja
	Liv Marit Nystad	Norddal kommune	Ja
	Per Morten Ekerhovd / Tore Bjørge	Hordaland fylkeskommune	Nei/Nei
	Arlen Synnøve Bidne	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Nei
	Geir Moen	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Nei
Andre:	Kristoffer Ullern-Hansen	SNO Aurland	Nei
	Kjell Hansen	SNO Geiranger	Nei
	Anbjørg Nornes	Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden	Ja
	Linn Myrvold	Verneområdeforvaltar Geiranger – Herdalen	Nei
	Leif Inge Undredal	Styreleiar Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP)	Nei
Sekretariat G	Katrin Blomvik	Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv (SGV)	Ja
Sekretariat N	Erling Oppheim	Nærøyfjorden Verdsarvpark. (NVP)	Ja
Gjestar:	Else Ragni Yttredal	Møreforsking	Ja
	Hanne Lykkja	Aurland Naturverkstad	Ja



SAKSLISTE		
Sak		Semjer, konklusjonar:
15 – 14	Merknad til innkalling	Ingen merknad.
16 - 14	Merknad til protokoll	Ingen merknad.
17 - 14	Orienteringssaker	<p>Følgjande orienteringssaker: (korte statusar sidan sist)</p> <ul style="list-style-type: none">- Besøksforvaltningsplan VF, status- Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden. Kort om prosjektet som er nyleg avslutta. Planen finn du her: http://naroyfjorden.no/wordpress/wp-content/uploads/2014/10/378.-Restaureringsplan-Sept.-2014.compressed.pdf- Dialogkonferansen 2014 med Tema: Cruise: Kort orientering om dagseminaret som vert gjennomført i regi av Verdsarvparken. Meir informasjon finn du her: http://naroyfjorden.no/dialogkonferanse-cruiseturisme-7-november-i-flam/- Orienteringar frå Verneområdeforvaltarar.- Orienteringar frå fylkesmennene.- Status arbeidet med RSOUV.- Status felles strategisamling verdsarvstiftingane.- Status «Twinning» - samarbeid Glacier Bay.- Besøk av Klima- og miljøminister Tine Sundtoft.- Status sak: Kloakkutslepp i verdsarvfjordane.- Status sak: Tiltaksplan kulturlandskapet i verdsarvområdet. <p>Aktuelle presentasjonar følgjer som vedlegg. Verdsarvrådet tok orienteringa til vitande.</p>
18 - 14	10 – års jubileum for Vestnorsk fjordlandskap i 2015	<p>Presentasjon følgjer vedlagt.</p> <p>Samrøystes semje: Drøftingar og innspel frå Verdsarvrådet skal tas omsyn til i endeleg program for jubileumsåret. Budsjett og endelege ramar for 10 års jubileum skal vedtas av styra til verdsarvstiftingane; Geirangerfjorden Verdsarv og Nærøyfjorden Verdsarvpark, i samband med handsaming av delområda sine budsjett- og handlingsplanar for 2015.</p>



19 - 14	FoU strategi for Vestnorsk fjordlandskap	<p>Presentasjon følgjer vedlagt.</p> <p>Samrøystes semje: Verdsarvrådet slutter seg samrøystes til hovudmålsetting og hovudutfordringar definerte i FoU-strategien for Vestnorsk fjordlandskap slik det ligg føre og rådar til at:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Eit siste utkast til FoU-strategi vert behandla på desembermøta i stiftingane; Geirangerfjorden Verdsarv og Nærøyfjorden Verdsarvpark.2. Utkastet vert så sendt ut på høyring til relevante lokale, regionale og nasjonale instansar.3. Endeleg vedtak vert gjort i stiftingane sine vårmøte 2015.
20 - 14	Oppfølging etter ministerbesøket: Formell søknad til departementet.	<p>Samrøystes semje: Leiar, nestleiar og sekretariat førebur ein formell søknad, der Vestnorsk fjordlandskap (VF) ber om å få ein pilotstatus med utgangspunkt i følgjande målsetting:</p> <p>«Vestnorsk fjordlandskap skal verte eit utstillingsvindauge for grøn teknologi og ei innovativ klima- og miljøforvaltning. Vi ønskjer at Noreg nyttar verdsarvområda som modell og spydspissar for ei berekraftig utvikling nasjonalt og internasjonalt! Soleis verte døme for andre UNESCO område i verda.»</p>
21 - 14	Grøn fjord	<p>Samrøystes semje frå sist møte: «I tråd med vedtatt strategiplan til Verdsarvrådet bør delområda arbeide fram eit forslag til ein kortfatta handlingsplan på inntil 3 - 4 felles tiltak/prosjekt i Grøn fjord for begge fjordområda. Handlingsplanen bør presenterast på neste rådsmøte i oktober.</p> <p>Verdsarvrådet oppmodar elles alle verdsarvkommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene til å trekkje fram sitt miljøarbeid i Grøn fjord framover.»</p> <p>Samrøystes semje: Verdsarvrådet støtta framlegget frå sekretariatet om ein felles handlingsplan for Grøn fjord for 2015. Handlingsplanen følgjer som vedlegg i saka.</p>
22 - 14	Verdsarven og cruise	<p>Orientering og oppsummering av stoda i kjølevatnet av eit særleg mediafokus på både Flåm og Geiranger denne sommaren.</p>



		<p>Samrøystes semje: Verdsarvrådet ser på temaet cruise som svært viktig for verdsarven Vestnorsk fjordlandskap. Verdsarvrådet bør engasjere seg meir aktivt i problemstillingar knytt til temaet og freiste medverke til ein open og konstruktiv debatt framover. Leiar og nestleiar bør delta på Dialogkonferansen om cruise i regi av Nærøyfjorden Verdsarvpark.</p>
23 - 14	Møteplan 2015	<p>Samrøystes semje:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Nærøyfjordområdet: 12. – 13. mars2. Geirangerfjordområdet: 19.-20. november
24 - 14	Eventuelt	Ingen saker til eventuelt.
25 - 14	Avslutning / oppsummering	<p>Verdsarvrådet avslutta samlinga med ein biltur opp til Herdalssetra i Norddal.</p> <p>Under utflukta kom det inn ønskjer frå rådsmedlem om at sekretariatet bør legge inn opplevingar knytt til programmet for møta i Verdsarvrådet, dersom ein finn tid for dette framover.</p>